



Org.nr. til føretaket: 954748634

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Kongsvinger, 10. september 2014
Vår ref.: 14/1089
Saksførebuar: Anne Bakke Skara
Seksjon for transport-, reiselivs- og IKT-statistikk

Vedtak om opplysningsplikt - Transport med små godsbilar 3. kvartal 2014, RA-0631

Statistisk sentralbyrå (SSB) ber om opplysningar om transporten med små lastebilar, varebilar og kombinerte bilar i Noreg for 3. kvartal 2014. Opplysningane vil bli brukte til å lage offisiell statistikk for transporten som blir utført av godsbilar med tillaten nyttelast under 3,5 tonn, blant anna som grunnlag for nasjonal planlegging på samferdselssida. Opplysningar som er sende inn vil altså vere med på å påverke framtidige trafikkløysingar i område ditt.

Opplysningsplikta gjeld for registreringsnummer(a) som er lista opp på baksida av brevet. Dersom føretaket har endra namn eller adresse, må ein melde om dette ved bruk av *samordna registermelding*. Nærare informasjon finst på www.brreg.no. Sjå informasjonen på baksida av brevet om heimel for å påleggje opplysningsplikt og retten til å klage på vedtaket.

Kva skal rapporterast?

Opplysningar for leasingbil eller utleigebil, skal rapporterast av han/ho som disponerer bilen i den tildelte rapporteringsveka. Det skal rapporterast for den transporten som bilen har gjort i rapporteringsveka.

For meir informasjon, gå til *Innrapping* på <http://www.ssb.no/innrapping/naeringsliv/transpsg>
All informasjon er underlagt teieplikt etter statistikkloven § 2-4.

Korleis vil rapporteringa gå føre seg?

SSB ber om at opplysningane blir rapporterte over Internett via vår rapporteringskanal IDUN. Dette er ein enkel og sikker måte å rapportere på, og du vil få ei kvittering som viser at opplysningane er sende inn. Meir informasjon om pålogging og rapportering vil bli sendt ut ved starten på rapporteringa.

Spørsmål?

Svartenesta er open alle kvardagar mellom kl. 09.00 og 15.00 på telefon 62 88 51 90 eller på e-post smagodsbiler@ssb.no. Hugs å gi opp organisasjonsnummeret til føretaket ved spørsmål til SSB.

Med helsing

Dagfinn Sve
seksjonssjef

Anne B. Skara
AnneBakkeSkara
førstekonsulent

Mer informasjon på baksiden

Opplysningsplikt – heimelsgrunnlag og retten til å klage

Statistisk sentralbyrå samlar inn opplysningar med heimel i *lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå* (statistikklova) av 16. juni 1989 nr. 54 § 2-2, jf. kgl. res. av 16. juni 1989 nummer 387 og forskrift frå Finansdepartementet av 13. februar 1990 nr. 1228.

Etter statistikklova § 2-3 har Statistisk sentralbyrå fullmakt til å påleggje tvangsmulkt til dei som ikkje gir opplysningar innan fristen. Vi minner om at plikta til å gi opplysningar *ikkje* fell bort sjølv om mulkta blir betalt.

Ein har rett til å klage på vedtaket om opplysningsplikt etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Dette gjeld også seinare vedtak om avvising av klage. Desse reglane må følgjast dersom ein skal klage:

- Ein må klage på vedtaket til Finansdepartementet, som er klageinstans. Klagen skal de sende til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for Seksjon for transport-, reiselivs- og IKT-statistikk, 2225 Kongsvinger. Klagen må vere skriftleg.
- Fristen for å klage er 3 – tre – veker frå det tidspunktet vedtaket er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt før klagefristen går ut.
- Ifølgje § 29 i forvaltningslova kan klagefristen skytast fram i særlege tilfelle. Ein klage som er sendt inn for seint, kan ifølgje § 31 likevel bli behandla dersom den opplysningspliktige i klagen gjer sannsynleg at vedkommande ikkje kan lastast for overskridinga av tidsfristen, eller at det av særlege grunnar er rimeleg at klagen blir prøvd.
- I ein klage må det gå fram kva for statistisk undersøking det gjeld, og kven den opplysningspliktige er. Husk å gi opp organisasjonsnummeret til føretaket. Ein må gi opp årsaka til at ein klagar, og ein bør også ta med andre opplysningar som kan vere viktige for vurderinga av klagen. Klagen må vere underteikna av den opplysningspliktige eller ein annan person som har fullmakt.

Vedtak om opplysningsplikt for 3. kvartal gjeld denne bilen eller bilane. (Merk at for seinere kvartal kan den same eller andre av føretaket sine bilar bli trekt ut til å delta.):

Regnr.

ST40965